

Sak til styremøtet

Saksnr. 29/08	Høyringsuttale til forslag til landsverneplan
Møtedato:	17. april 2008
Møtestad:	Haugesund
Saksbehandlar:	Leif Terje Alvestad
Dato, framstilling:	
Vedlegg:	
Trykte vedlegg:	
Utrykte vedlegg:	Forslag til landsverneplan: www.lyph.no
Arkiv	
Tidlegare handsaming i styremøtet	

Høyringsuttale til forslag til landsverneplan

Ein syner til "Forslag til landsverneplan for spesialhelsetenesta – høyring", som er datert 19. februar 2008 frå Det kongelege helse- og omsorgsdepartementet. Føretaket har i alt tre anlegg som kjem inn under verneplanen. Desse er:

- Jonatunet i Jondal kommune
- Stord sjukehus i Stord kommune
- Valen sjukehus i Kvinnherad kommune

Anlegga utgjer 33 % av den samla bygningsmassen til føretaket. Vernet vil truleg føra til meirkostnader i samband med vedlikehald og ombygging. I tillegg er det grunn til å tru at ein vil få redusert verdien på bygga ved sal. Dersom meirkostnadene som følgje av planen ikkje skal føre til at føretaket får redusert evne til å behandla pasientar, må det etter føretaket si meining løyvast ekstra øyremerkte midlar til vernearbeidet.

Sjølv om det berre er på Jonatunet heile vernearbeidet er teke inn i verneklasse 1, er det grunn til å merka seg at også store delar av dei to andre anlegga er tekne inn i den same klassen. Vernet vil òg setja grenser for bruken ved at ein ikkje kan nytta anlegga til prioriterte formål i spesialhelstenesta.

Merknader til verneplanen kva gjeld dei einskilde anlegga

Helse Fonna viser til planen og vil i det følgjande koma med merknader til dei einskilde anlegga i planen.

Jonatunet

Ifølgje planen går det fram at heile den gamle delen av anlegget inkludert parkanlegg er i verneklasse 1. Det som går inn i planen, er hovudbygg med sengebru, kurhall/liggjehus, kombinert kapell, garasje og parkanlegget. Verneforslag og våre merknader går fram av det som følgjer:

Hovudbygget

Vernekategori: Verneklasse 1, freding.
Omfang: Vernet omfattar bygget sitt eksteriør og opphavlege delar av interiøret.

Dersom vernet ikkje skal skapa for store vanskar når huset skal byggjast om etter det regelverket ein har i dag, må følgjande leggjast til grunn når ein utarbeider forvaltingsplan:

- Viktige sentralrom og ein typisk del blir verna.
- Resten av bygget kan tilpassast ny bruk.

Ved konstruktivt samarbeid med riksantikvaren bør det vera mogleg å sikra både verne- og brukar-interessene.

Kapell/garasje

Vernekategori: Verneklasse 1, freding.
Omfang: Vernet omfattar heile bygget sitt eksteriør og interiøret i kapellet.

Dersom bruken ikkje blir endra, vil vernet ikkje vera til stor ulempe.

Kuren/liggjehus omgjort til lager

Vernekategori: Verneklasse 1, freding.
Omfang: Vernet omfattar eksteriør og interiør.

Dersom bruken ikkje blir endra, vil vernet ikkje vera til stor ulempe.

Jonatunet, oppsummering:

Føretaket går ut frå at ein gjennom utarbeiding av forvaltingsplan avgrensar vernet av hovudhuset til viktige sentralrom og ein mindre, typisk del av bygget. Ein må kunna byggja om resten av huset til ny bruk etter dagens krav, slik at ein står fritt når det gjeld framtidig bruk. Føretaket vurderer å endra drifta ved institusjonen. Ved endra drift kan sal bli aktuelt.

Stord sjukehus

Det går fram av planen at heile den delen av anlegget som blei bygt kring 1970 med hovudbygg, teknisk bygg og bustader, er verna. Det same gjeld det gamle administrasjonsbygget frå det opphavlege Furuly. Det einaste som ikkje er verna, er Gamle føden og ein bustad frå 1950-talet. Vidare fell tilbygg for operasjon og føde frå 2000 og Stord DPS frå 2004 utanom verneplanen. Eit avgrensa parkanlegg kring dei bygga som er verna, går òg inn i planen.

Adm./Furuly

Vernekategori: Verneklasse 1, freding.
Omfang: Vernet omfattar bygget sitt eksteriør.

Vernet vil ikkje vera til stor ulempe for framtidig drift.

Stord sjukehus – hovudbygg

Vernekategori: Verneklasse 1, freding.
Omfang: Vernet omfattar eksteriør og delar av interiør.

Avklaringar:

I oppramsinga av omfang er det nokre punkt som ikkje samsvarer med avklaringa føretaket har gjort med riksantikvaren, og som ligg til grunn for seinare utarbeidd forslag til forvaltingsplan for Stord sjukehus. Følgjande bør endrast i oppramsinga:

1. "Operasjonsavdelinga og sterilsentral i 2. et." blir endra til "Vestre del av operasjonsavdelinga i 2. et. med to stover med birom, forrom, anesthesirom, instrumentrom, ein garderobe med wc, lagerrom og vaskerom."
2. "Kantine – kjøken" blir endra til "Kantine" og "Delar av kjøken, omfang skal avklarast i samband med omdisponering av arealet. Avklaringa skal gjerast i nært samarbeid mellom brukar, arkitekt og riksantikvaren."
3. "Kontor avd. sjukepleiar 3. et." Dette punktet går ut.

Teknisk bygg

Vernekategori:

Verneklasse 1, freding.

Omfang:

Vernet omfattar bygget sitt eksteriør.

Vernet vil ikkje vera til stor ulempe for framtidig drift.

Bustad A

Vernekategori:

Verneklasse 1, freding.

Omfang:

Vernet omfattar bygget sitt eksteriør og interiør / delar av interiør.

Avklaringar:

Omfang samsvarer ikkje med avklaring føretaket har gjort med riksantikvaren, og som ligg til grunn for seinare utarbeidd forslag til forvaltingsplan. Etter dette skal omfanget endrast og bli som følgjer:

"Omfang: Vernet omfattar bygget sitt eksteriør."

Med denne endringa vil ikkje vernet vera til stor ulempe for framtidig bruk.

Overlegebustad B

Vernekategori:

Verneklasse 1, freding.

Omfang:

Vernet omfattar bygget sitt eksteriør.

Vernet vil ikkje vera til stor ulempe for framtidig drift.

Bustad C

Vernekategori:

Verneklasse 1, freding.

Omfang:

Vernet omfattar bygget sitt eksteriør m/utebod samt heile interiøret.

Vernet er i samsvar med forvaltingsplan.

Bustad D

Vernekategori: Verneklasse 1, fredning.
Omfang: Vernet omfattar bygget sitt eksteriør m/utebod.

Vernet er i samsvar med forvaltingsplan.

Bustad E

Vernekategori: Verneklasse 1, fredning.
Omfang: Vernet omfattar bygget sitt eksteriør og heile interiøret.

Avklaringar: Omfang samsvarer ikkje med avklaring føretaket har gjort med riksantikvaren, og som ligg til grunn for forslag til forvaltingsplan. Etter dette skal omfanget endrast og blir som følgjer:

”Omfang: Vernet omfattar bygget sitt eksteriør m/ utebod.”

Med denne endringa vil ikkje vernet vera til stor ulempe for framtidig bruk.

Bustad F

Vernekategori: Verneklasse 1, fredning.
Omfang: Vernet omfattar bygget sitt eksteriør m/utebod.

Vernet er i samsvar med forvaltingsplan.

Søsterheim, blokk G

Vernekategori: Verneklasse 1, fredning.
Omfang: Vernet omfattar bygget sitt eksteriør og interiør i trapperom, korridorar og ein utvald bustad.

Avklaring: Omfang samsvarer med avklaring føretaket har gjort med riksantikvaren, og som ligg til grunn for seinare utarbeidd forslag til forvaltingsplan for Stord sjukehus. Då utvald bustad er fastsett, kan omfanget endrast til:

”Omfang: Vernet omfattar bygget sitt eksteriør og interiør i trapperom, korridorar samt bustad G 7 mot sør-aust i 2. et.”

Søsterheim, blokk H

Vernekategori: Verneklasse 1, fredning.
Omfang: Vernet omfattar bygget sitt eksteriør og interiør i trapperom, korridorar og ein utvald bustad.

Avklaring: Omfang samsvarer ikkje med avklaring føretaket har gjort med riksantikvaren, og som ligg til grunn for forslag til forvaltingsplan. Det skal berre vernast éin bustad i blokk G og ingen i H. Etter dette skal omfanget endrast og bli som følgjer:

”Omfang: Vernet omfattar bygget sitt eksteriør og interiør i trapperom og korridorar.”

Hybelblokk, bygg K

Vernekategori:

Verneklasse 1, freding.

Omfang:

Vernet omfattar bygget sitt eksteriør og interiør i trapperom, peisestove og fellesrom i sidefløy.

Vernet er i samsvar med forvaltingsplan.

Stord sjukehus – oppsummering

Dersom planen blir retta opp i samsvar med merknadene over, vil han ikkje vera til hinder for vidare utvikling av Stord sjukehus. I denne samanhengen er det viktig å merka seg at ”Gamle føden” mellom hovudbygget og administrasjonsbygget kan rivast for eventuelt å gje plass til nybygg.

Valen sjukehus

Av planen går det fram at store delar av parkanlegget kring dei sentrale bygga er verna. Det same gjeld tomta kring Ekely, medan den gamle gravplassen skal fredast. Det gamle hovudbygget ”Valemoen” og brannstasjonen skal fredast, medan Ekely, administrasjonsbygget og søsterheimen er verna i klasse 2.

Gamle Valemoen

Vernekategori: Verneklasse 1, freding.

Omfang:

Vernet omfattar bygget sitt eksteriør og heile interiøret.

Dersom vernet ikkje skal skapa for store vanskar når huset skal byggjast om til nye formål etter det regelverket ein har i dag, må følgjande leggjast til grunn når ein utarbeider forvaltingsplan:

- Viktige sentralrom og delar med spesiell bygningshistorisk interesse blir verna.
- Resten av bygget kan tilpassast ny bruk.
- Ombygginga skal så langt råd er utførast slik at ein i det ferdige resultatet kan oppleve konturane av formspråket frå då bygget var nytt.

Ved konstruktivt samarbeid med riksantikvaren bør det vera mogleg å sikra både verne- og brukarinteressene.

Administrasjonsbygg

Vernekategori:

Verneklasse 2, bevaring.

Omfang:

Vernet omfattar bygget sitt eksteriør.

Vernet vil ikkje vera til hinder for framtidig bruk, men kan redusera verdien ved eventuelt sal.

Søsterheim

Vernekategori:

Verneklasse 2, bevaring.

Omfang:

Vernet omfattar bygget sitt eksteriør.

Vernet vil ikkje vera til hinder for framtidig bruk, men kan redusera verdien ved eventuelt sal.

Ekely

Vernekategori: Verneklasse 2, bevaring.
Omfang: Vernet omfattar hovudbygget og uthuset sitt eksteriør og uteområdet rundt bygget.

Vernet vil ikkje vera til hinder for framtidig bruk, men kan redusera verdien ved eventuelt sal.

Gammal brannstasjon

Vernekategori: Verneklasse 1, freding.
Omfang: Vernet omfattar bygget sitt eksteriør.

Vernet som er foreslått, vil ikkje vera til hinder for framtidig bruk.

Gravlund

Vernekategori: Verneklasse 1, freding.
Omfang: Vernet omfattar gravlund med kringliggjande område innanfor eigedomsgrensa.

Vernet som er foreslått, vil ikkje vera til hinder for framtidig bruk.

Valen sjukehus – oppsummering

Helse Fonna vurderer framtidig driftsform ved sjukehuset. For å få plass til eit eventuelt nybygg er det avgjerande at grensa for verna parkanlegg blir flytta slik at ho går frå Gamle Valemoen og følgjer den austre fasaden på Nye Valemoen ned til vegen.

Verneplanen vil truleg føra til redusert verdi dersom ein i framtida måtte ynskja å selja delar av anlegget.

Framlegg til vedtak:

Styret vedtek "Høyringsuttale til forslag til landsverneplan"